


Osterøy kommune  
Rådhusplassen  
5282 Lonevåg



Hauge, 04.07.2023

## Søknad om løyve til tiltak på gnr. 91 bnr. 18 – Øvsthus i Hosanger

Vedlagt ligg søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett. Tiltaket gjeld oppføring av eit tilbygg til eksisterande einestad, i form av ein vinterhage og ein carport. Eigedommen er i kommuneplanen sin arealdel sett av til LNF-område. Det vert søkt om dispensasjon frå arealdelen om bygging i eit område sett av til LNF.

Naboar er varsla og det er ingen merknader.

Tomta ligg i utløpsområde for snøskred i NVE sine kart, og det er difor kryssa av for at «byggverket plasseres i skredutsett område» i søknadsskjemaet. Sidan dette er mindre tiltak på eksisterande bygg og det ikkje vert noko auke i bueningar, medfører ikkje tiltaket noko vesentleg endring på tomta. I tillegg ligg den øvste delen av utløpsningsområde på rundt 220 moh og tomta ligg nær sjøen, slik at det er lite sannsynleg at større snømengder skal samle seg opp i fjellskråninga bakanfor huset. Det er òg mykje skog i det bratte partiet, merka som utløpsningsområde, som vil hindra eventuelle snøskred. Derfor er det etter vår vurdering ikkje naudsynt å gjera nokre tiltak i forhold til snøskred.

Det er nyleg gjeve løyve om grensejustering på tomta for å gje plass til omsøkte carport innanfor tomtegrensene. Det utvida tomtearealet er brukt i utrekninga av utnyttingsgrad på søknadsskjemaet.

Det er markert kva rom som ligg innafor vinterhagen og carporten for å sjå til at det framleis vil vera nok lys til opphaldsromma. I 1. etasje er det ikkje opphaldsrom og i 2. etasje vil det koma tilstrekkeleg lys inn til stove og kjøkken gjennom vinterhagen og andre eksisterande vindauge.

Me håpar søknaden kan handsamast slik den føreligg. Ta gjerne kontakt dersom det er manglar eller noko er uklart.

Med venleg helsing  
**Helge Rød A/S**

  
Synnøve Tveiterås

Helge Rød as  
5281 Valestrandsfossen  
Tlf.: 56 19 37 00  
Fax: 56 19 37 01  
E-post: firmapost@helgerod.no  
www.helgerod.no  
Bankgiro: 6537.05.00260  
Org.nr.: NO 885 574 602 MVA